



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Stryn vidaregåande skule

Sakshandsamar:

Ellsabet Bø Nesdal

E-post: Ellsabet.Bø.Nesdal@sfj.no

Tlf.: 57 83 48 91

Vår ref.

Sak nr.: 15/12073-10

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato

STRYN, 20.11.2018

FTU Sogn og Fjordane
Statens vegvesen, Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Søknad om fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar 2019

Stryn vidaregåande skule ynskjer svært gjerne å få arrangere ein trafikktryggingsdag for alle våre elevar hausten 2019. Vi gjennomførte hausten 2015, 2016, 2017 og 2018 liknande arrangement, då også med midlar frå FTU. Dei positive tilbakemeldingane frå både elevar og tilsette, seier oss at dette er eit arrangement som er både lærerikt, og har stor påverkningsgrad i forhold til bevisstgjerung rundt trafikktryggleik. Statistikkane for ungdomsulukker tilseier at vi må alle ta ansvar i kampen for å redusere desse tala. Vi ser det derfor som svært viktig å setje eit spesielt fokus på farane ved eit nyerverva førarkort og fart, samt kva ein skal gjere når uhellet først er ute.

Vi ser for oss eit slikt opplegg for dagen:

- 10.15: Kontaktlærarane samlar sine elevar i klasseromma. Elevane får her utdelt gruppenummer og detaljplan for dagen.
- 10.30: Gruppene byrjar å rullere på dei ulike postane i følgje med lærar.
- 12.00: Felles lunsj for alle i kantina
- 12.30: Simulert ulukke
- 13.15: Gruppevis rullering held fram
- 14.45: Vi samlast for oppsummering og premiering av quiz-vinnarar m.m.
- 15.15: Vi ynskjer alle trygt heim!

Sentrale aktørar på dei ulike postane:

Politiet, Brann, Ambulanse, Trygg trafikk, Statens Vegvesen, Helsefag (Hjertestartar + førstehjelp ved ulykkestad), Samferdselsavd. ved Sogn og Fjordane fylkeskommune og trafikkskulane i Stryn.

I Stryn har vi hatt relativt mange bilulukker dei siste åra der ungdom har vore involvert. Gjennom skuleåret kjem elevgrupper saman, og vi har mange med nyerverva førarkort. Og hausten er ei tid der det er mykje aktivitet i samband med skulestart, og vi går også ei mørkare tid i møte. Vi ser det derfor som viktig at vi gjennom informasjon og haldningsskapande arbeid gjer ungdommen medviten kva konsekvensar handlingane våre får i trafikken.

Stryn vidaregåande skule v/ miljøkoordinator Therese Dispen søker med dette om FTU-midlar for 2019 for å kunne gjennomføre dette trafikktryggingstiltaket blant alle elevane ved Stryn vgs.

I denne samanheng søker vi om kr 39 000,- for å dekke kostnadane for opplegget. Kostnadsoverslaget (som vist under) er utarbeidd på grunnlag av den informasjon vi har henta inn frå dei ulike aktørane som skal bidra for å gjere trafikktryggingsdagen komplett.

Besøksadresse:

Hegrevn. 1

Postadresse:

Pb. 158
6781 STRYN

E-post:

postmottak.strynvgs@sfj.no
Helmeside:
www.stryn.vgs.no

Telefon:

57638600

Bankgiro:


4212 02 02000


Org.nr :

NO 941 388 841 MVA

Vi vonar på positiv handsaming av søknaden, og ser fram til å høyre frå dykk!

Med helsing


Anders Bruvoll
rektor


Therese Dispen
miljøkoordinator

Kostnadsoverslag for trafikktryggingdagen ved Stryn vgs:

Diverse utstyr på dei ulike postane, bl.a. sminke og utstyr til markørane for simulert ulukke, opptrykking av HLR-materiell til utdeling, testutstyr til hjartestartar m.m.	6 700,-
Kantinekostnader ved servering lunsj til alle deltakande aktørar, foredragshaldar og elevar.	10 500,-
To sanerte bilvrak + flytting av to vrakbilar. Tur/retur.	7 250,-
Brannteppe, bensin, diesel og sløkkjemiddel. Samla kostnad kr 10 300,-	10 300,-
Takk til aktørar og produksjon av refleksbekledning med Stryn vgs-logo til vinnarane av dei ulike konkurransane rundt om på postane.	4 500,-
Samla sum:	39 250,-